



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref
18/1688-

Dato
4. mai 2020

Utsatt byggefrist for Trolleholselva kraftverk i Høyanger kommune i Sogn og Fjordane - klagesak

Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane Turlag klagar i brev av 07.09.2018 på Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt vedtak om å gi utsatt byggefrist for Trolleholselva kraftverk i Høyanger kommune i Sogn og Fjordane.

NVE har vurdert klaga utan å finne grunn til å gjera om på vedtaket, og har i brev av 17.10.2018 sendt saka til departementet for endeleg avgjersle.

1. Bakgrunn

NVE ga 03.05.2013 Småkraft AS løyve til å bygge Trolleholselva kraftverk. Småkraft AS søkte den 20.04.2018 om utsatt byggefrist. Søknaden blei grunngjeve med at utbygging ikkje kunne starte grunna manglande nett i området.

NVE ga i vedtak av 24.08.2018 Småkraft AS løyve til utsatt byggefrist for Trolleholselva kraftverk til 03.05.2023. NVE hadde følgjande vurdering av saka:

«Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane (FNF) og Sogn og Fjordane Turlag har i brev av 21.06.2018 kommet med en uttalelse til søknaden om utsatt byggefrist der de påpeker at det er registrert tre arter av rødlista lav som ikke var kjent da søknaden ble behandlet. Vedlagt uttalelsen ligger en rapport om funn av tre arter av rødlista lav og en rapport om registrering av naturverdier og andre forhold ved konsesjonsbehandlingen av Trolleholselva kraftverk. All dokumentasjon er publisert på sakens hjemmeside. FNF i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane Turlag anbefaler NVE å avslå søknaden om forlenget byggefrist på bakgrunn av de nye funnene.»

Postadresse
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo
postmottak@oed.dep.no

Kontoradresse
Akersgata 59
oed.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
977 161 630

Avdeling
Energi- og
vannressursavdelinga

Saksbehandlar
Steinar Pettersen
22 24 61 39

I brev av 03.08.2018 har søker kommentert uttalelsen slik:

«De forskjellige artene som er funnet er arter som i hovedsak er utsatt for hogst, beiting og reduksjon av habitat, de er ikke direkte vanntilknyttet. Områdene som er avmerket berører delvis rørgate trase og stasjonstomt. Småkraft As ser det som en mulighet i detaljplanen å endre plassering slik at den kommer mer i berøring med plantet granfelt og mindre i lauvskog med registrerte sårbare arter. Kraftstasjon har og mulighet for justering av plassering. Ved disse endringene vil sårbare arter bli vesentlig mindre berørt. Området med adkomstveg er aktivt jordbruksland med beiting av husdyr og uttak av skog. Områdene ligger utenfor Stølsheimen landskapsvernområde. Den vanlige godkjente landbruksdrift har sannsynligvis større innvirkning på sårbare arter enn utbygging av Trolleholselva kraftverk.»

NVE har bl.a. foretatt søk i Naturbase og Artskart og ser at de nye funnene av skoddelav (NT), kystkantlav (EN) og skorpefiltlav (NT) som er omtalt i FNF sin uttalelse er registrert. Ifølge Norsk rødliste for arter er skoddelav, kystkantlav og skorpefiltlav arter som først og fremst er utsatt for populasjonsreduksjon som følge av jord- eller skogbruksaktivitet og arealreduksjon. Det fremgår av søkers kommentar at de ser det som en mulighet å tilpasse rørgatetrase og plassering av kraftstasjon slik at de i minst mulig grad kommer i kontakt med lauvskog med registrerte sårbare arter. Etter vår vurdering vil en slik tilpassing, der man unngår å hogge trær med forekomst av rødlista lavarter, være teknisk mulig å gjennomføre innenfor gjeldende konsesjon. I forbindelse med utarbeidelse av detaljplan skal rørgatetraseen og kraftstasjonsplassering fastsettes i samråd med en biolog. Dette er forhold som NVE vil følge opp i detaljplanfasen. Utover dette kan vi ikke se at det har kommet inn nye momenter i saken som tilsier at tillatelsen etter vannressursloven ikke kan forlenges. Søknaden om forlenget byggefrist er kommet innen fristens utløp. Det vil være i tråd med gjeldende praksis å gi utsettelse.»

2. Klaga

Klagarane har samanfatta klaga slik:

«Etter vår oppfatning vil det være umogeleg å gjennomføre dei fysiske tiltaka i tilknytning til Trolleholselva kraftverk utan å måtte felle mange gråorer med kystkantlav og skoddelav eller grave over større eller mindre delar av rotsystemet. Dette vil i størst grad gjelde den nordlegaste delen av lavpopulasjonane som veks langs veg og kabeltrase og som kan verte nesten utradert, men vil også gjelde førekomsten langs planlagt rørgate dersom ein held fast på noverande trase. Vi meiner dei direkte fysiske inngrepa under utbygginga vil kunne redusere mengda av dei nemnde raudlisteartane ganske dramatisk. Den verkeleg store trusselen mot desse artane på lang sikt vil etter vårt syn likevel vere dei permanente endringane av fuktigheit i luft og jordsmonn som resultat av seinka grunnvasstand og betydeleg mindre overflatevatn som fordampar. Kystkantlav vil være spesielt utsett sidan Ortnevik ligg heilt i utkanten av utbreiingsområdet og at ein eller fleire miljøfaktorar derfor truleg er nær minimum av det arten krev. Området som får lokal-/mikroklima og grunnvatn mest påverka av ei utbygging er det same som det vi på lang sikt meiner vil vere best

eigna til å oppretthalde populasjonane av kystkantlav og skoddelav og eventuelt også andre fuktkrevande raudlisteartar.

Vi meiner at dei særdeles rike artsfunna av kystkantlav (EN) og skoddelav (NT) og dei andre tilhøve som er avdekka etter første konsesjonshandsaminga var avslutta heilt klart tilseier at ulempene no er vortne større enn nytten. Spesielt mengda av kystkantlav er ganske unik og dersom vi tek utgangspunkt i tala frå siste utgåve av raudlista kan populasjonen i Storedalen ved Ortnevik utgjere så mykje som 10% eller meir av den kjende førekomsten i Noreg. Vi ber derfor om at forlenginga av konsesjonen vert trekt tilbake.»

3. NVE si vurdering av klaga

NVE har vurdert klaga som følger:

"NVE er enig i vurderingene som framkommer av klagen, om at forutsetningene for kystkantlav kan bli negativt påvirket og svekket ved en utbygging, selv med avbøtende tiltak knyttet til omlegging av rørgatetrase. Når NVE allikevel har valgt å gi fristutsettelse er dette forankret i forarbeidene til vannressursloven og vassdragsreguleringsloven. I forarbeidene til vannressursloven, som denne søknaden er behandlet etter (Ot prp nr 39, 1998-99) står det at «begge lovene (vrl. og vregl.) har dispensasjonshjemmel og det har vært forutsatt og praktisert lempelighet når det gjelder å få utbyggingsfristene forlenget.» Videre står det i forarbeidene til vassdragsreguleringsloven (Prop. 117 L, 2016-2017) at «det er ikke stilt noen nærmere betingelser for hva som kan begrunne en fristutsettelse. I praksis gis det som regel fristutsettelse første gang konsesjonæren søker om det.» I forslag til revidert vassdragsreguleringslov skriver departementet at «Det må ved en behandling av enhver søknad vurderes om endrede forhold har oppstått som gjør det nødvendig med vilkår om ytterligere utredninger av hensyn til natur og miljø eller brukerinteresser i vassdraget.»

NVE mener det ikke vil være nødvendig med å pålegge ytterligere utredninger av biologisk mangfold i influensområdet. Rapporten skrevet av Arnor Gullanger fra 2016 viser at området har populasjoner av skoddelav (NT), kystkantlav (EN) og skorpefittlav (NT), og NVE mener at rapporten er av god kvalitet.

I NVE sitt vedtak av 24.08.2018 ble det lagt vekt på at søker ikke har hatt mulighet til å starte utbyggingen av Trollholselva på grunn av manglende kapasitet i nettet. Derfor mener NVE at Småkraft AS har en opplagt grunn til at de ikke har fått realisert prosjektet innen byggefristen på 5 år. Samtidig ser NVE at det er registrert flere rødlistede arter i området enn det var da Trollholselva ble tildelt konsesjon i 2013. Men bakgrunn i dette ble det i vårt vedtak av 24.08.2018 om fristutsettelse stilt krav om at rørgatetraseen og kraftstasjonsplassering skal fastsettes i samråd med en biolog i forbindelse med utarbeidelse av detaljplan, slik at de i minst mulig grad kommer i kontakt med lauvskog med registrerte sårbare arter. NVE har i sitt vedtak om utsatt byggefrist tillagt forutsigbarhet for konsesjonæren stor vekt."

4. Departementet sine merknader

Det ligg føre eit løyve til Trolleholselfa kraftverk, og klagesaken gjeld spørsmålet om utsatt frist for bygging. Det er gitt følgjande konsesjonsvilkår knytt til byggefristar:

"2. Bortfall av konsesjon

Konsesjonen faller bort hvis ikke arbeidet er satt i gang senest fem år fra konsesjonens dato og fullføres innen ytterligere fem år jf. vannressursloven § 19 og vassdragsreguleringsloven § 12 nr. 1 tredje ledd. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) kan forlenge fristen med inntil fem nye år. I fristene regnes ikke den tid som på grunn av særlige forhold (vis major), streik eller lockout har vært umulig å utnytte."

NVE har i sitt vedtak lagt stor vekt på at regelverket skal vere føreseieleg for konsesjonæren, og legg til grunn at det må gis utsatt byggefrist, i tråd med gjeldande praksis.

NVE legg til grunn at vedtaket om å gi utsatt frist vil ha konsekvensar for m.a. ein sterkt truga art, kystkantlav (EN), men legg likevel størst vekt på føreseielegheit for konsesjonæren. NVE meiner det ikkje er grunnlag for å gi vilkår om nye utgreiingar av omsynet til natur, miljø eller brukarinteresser, slik forarbeida til endring i vassdragsreguleringslova opnar for, jf. Prop 117 L (2016-2017).

Departementet er samd med NVE i tolkinga av regelverket for å gi utsatt byggefrist, at det skal visast ei lempelig haldning. Departementet er også samd med NVE i at det ikkje er grunnlag for å gi vilkår om nye utgreiingar, då kunnskapsgrunnlaget no er vurdert å vere tilfredsstillande. Departementet legg samstundes til grunn at ingen har eit rettskrav på å få utsatt byggefrist, og at det ligg til forvaltninga sitt alminnelege skjøn om slik utsetjing skal gis. Ein kan avslå ein søknad dersom det ligg føre tilstrekkeleg tungtvegande omsyn.

Ein søknad om byggefristutsetjing inneber ikkje at det blir gjort ei ny samla vurdering av fordelane og ulempene av tiltaket slik det blir gjort i handsaminga av konsesjonssøknaden. Det er likevel relevant å legge til grunn ny vesentleg informasjon når ein skal ta stilling til slike søknader.

Departementet legg til grunn at terskelen for å gi utsatt byggefrist, av omsyn til føreseielegheit for konsesjonærane, skal vere lågare enn terskelen for å gi konsesjon. Tungtvegande omsyn kan likevel tilseie at det ikkje blir gitt utsatt frist.

I departementet sine retningslinjer for små vasskraftverk, er det lagt stor vekt på at ein i konsesjonshandsaminga skal ta omsyn til artar som er sterkt truga (EN) eller kritisk truga (CR). Tiltak som kjem i konflikt med slike artar, kan ifølgje retningslinjene ikkje rekne med å få konsesjon.

Ei utbygging av Trolleholselfa kraftverk vil etter NVE si vurdering utvilsamt ha konsekvensar for den sterkt truga (EN) arten kystkantlav, i tillegg til to andre lavartar som har status som nær truga på raudlista. NVE har i si handsaming av klaga konkludert med at ulempa for kystkantlaven ikkje i tilstrekkeleg grad kan bøtast på ved tiltak. Departementet legg til grunn

at det er truleg at arten vil kunne utgå frå området, både grunna fysiske inngrep og endra fuktforhold. Departementet meiner dette er eit tungtvegande omsyn.

Oppsummering

Det går fram av forarbeida til vassressurslova og vassdragsreguleringslova at ein normalt skal gje utsatt byggefrist når det blir søkt om det. Dette er gjeldande praksis, og gir føreseielegheit for konsesjonærane.

Nye vesentlege opplysningar om til dømes truga naturmangfald kan likevel tilseie at ein søknad om utsatt frist etter ei konkret vurdering blir avslått. Det vil vere eit sentralt moment om det kan gis vilkår om tiltak som kan bøte på ulempene.

Departementet meiner at omsynet til ein sterkt truga art er tungtvegande i vurderinga av om det skal gis utsett byggefrist for Trolleholselva kraftverk. Departementet kan ikkje sjå at tiltak for å bøte på ulempene vil kunne hindre at lavarten kystkantlav (EN) truleg vil utgå frå området.

5. Departementet sitt vedtak

Klaga frå Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane Turlag blir teken til følgje. Departementet gjer om NVE sitt vedtak om å gi utsatt byggefrist for Trolleholselva kraftverk.

Dette vedtaket kan ein ikkje klage på, jf. forvaltningslova § 28, tredje ledd første punktum.

Med helsing

Lars Christian Sæther (e.f.)
avdelingsdirektør

Steinar Pettersen
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Arnor Gullanger
Fylkesmannen i Vestland
Høyanger kommune
Norges vassdrags- og energidirektorat
Småkraft AS
Vestland fylkeskommune

Adresseliste

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	Trolladalen 3G	6856	SOGNDAL
Sogn og Fjordane Turlag	Postboks 10	6801	FØRDE